

Skoleskyss vidaregåande skole

Her finn du svar på spørsmål om skoleskyss for vidaregåande skole. Skyssreglementet gjev utfyllande informasjon. Du får og informasjon på din skole.

Skyssreglementet er tilgjengeleg på Møre og Romsdal fylke, samferdselsavdelinga si nettside:

HAR EG RETT PÅ SKOLESKYSS?

Møre og Romsdal fylke syter for dagleg skyss eller yter skysstilskott til elevar som er heimehøyrande i fylket og som går i vidaregåande skole. Vilkåret er at du:

1. Bur over 6 km frå skolen. Hybel er å rekne som bustad. Avstanden blir rekna etter kortaste farande veg, slik attil dømes gangveggar blir rekna med.
2. Er funksjonshemma - varig eller mellombels grunna skade/sjukdom - og har attest frå lege om at du treng skyss. Sjå elles eige punkt.
3. Må reise med båt. Skyss blir gitt utan omsyn til avtand mellom bustad - skole

Dersom du er lærling eller får lønn under utdanning, har du ikkje rett på skyss. Lærlingar er å sjå som arbeidstakarar.

STANDARDEN PÅ SKOLESKYSSEN

Skyssreglementet fastsett standarden på skoleskyssen. Skoleskyssen er ein del av det rutegåande transportilbodet. Skysstidene tek såleis ikkje berre omsyn til skolane sine undervisningstider, men tek også omsyn til andre reisande og korresponderande transportmiddel. Elevar som har skyssrett, må akseptere ein gangavstand til påstigingsstad/ haldeplass på inntil 3 km, og ei dagleg ventetid på inntil 2 timar. Det er ikkje fastsett ei maksimal reisetid. Skoleskyss blir også samordna slik at elevar frå fleire skolar reiser til same skysstider. Funksjonshemma elevar som ikkje kan reise med rutegåande transportmiddel, får alternativ tilrettelagt transport. Sjå elles eige punkt

KORLEIS FÅR EG SKOLEREISEKORT?

Skjema for søknad om skoleskyss får du på skolen. Utfylt skjema leverer du på skolen (saman med foto dersom skolen ber om det). Når du leverer inn skjema og det blir stadfesta at du har rett på skyss, får du ved dei fleste skolane i fylket levert eit mellombels skolereisekort som du kan bruke til du får utlevert permanent skolereisekort. Dette gjeld ikkje alle skolar, din skole gjev nærare informasjon.

KVA TID GJELD SKOLEREISEKORTET?

Skolereisekortet gjeld

- Reiser mellom heim og skole
- 1 reise pr skoledag kvar veg (til skolen og frå skolen), med eventuell overgang

Nokre ruteselskap har avgrensingar for kva for avgangar du kan bruke, eller tidsavgrensing for når kortet er gyldig. Kortet gjeld ikkje for reiser i helger og ferier.

TAP AV SKOLEREISEKORT OG ØYDELAGDE KORT

Ta godt vare på skolereisekortet ditt. Mister du skolereisekortet eller skadar det slik at det ikkje kan brukast, kan du måtte betale for å få eit nytt. Tap av skolereisekort må meldast til skolen. Kort som du ikkje lenger skal bruke, på grunn av at du sluttar, flytter eller går over til annan skole, skal snarast råd leverast inn på skolen der du har fått det utlevert.

Ver merksam på at sjåfør/kontrollør kan forlange legitimasjon i tillegg til skolereisekortet. Har du ikkje kortet med deg, kan sjåføren krevje at du løyser billett for eiga rekning. Vis gjerne kortet uoppfordra.

MISBRUK AV KORT

Misbrukte kort kan bli inndregne. Misbruk kan vere at du prøver å reise på ei strekning som kortet ikkje gjeld for, at du nyttar kortet til andre reiser enn skolereiser eller at du overlet kortet til andre.

KAN EG BRUKE BIL ELLER MOPED TIL SKOLEN ?

I nokre tilfelle ja. Dersom du har rett på skyss, men ikkje har eit offentleg skysstilbod eller dagleg ventetid overstig 2 timar ved bruk av rutegående transportmiddel, så ta kontakt med skolen snarast råd for å få orientering om dei reglane som gjeld. Utbetaling av skyssrefusjon for bruk av eige skyssmiddel, kan då vere eit alternativ. Du og foreldra dine har eit medansvar for at val av transportmiddel blir avklart så tidleg som mogleg før skolestart. Du må søkje skolen om å få skyssrefusjon for privat skyss. Skolen kontaktar ruteselskapet slik at eventuell skyssrefusjon kan avtalast med ruteselskapet dersom du ikkje får tilbod om skyss. Søknadsfrist 15.september for kurs som byrjar om hausten, 15.februar for kurs som byrjar i januar. Elevar som søker etter fristen, kan tape retten til skyssrefusjon.

KVA GJER EG DERSOM EG ER FUNKSJONSHEMMA?

Dersom du treng skyss på grunn av varig funksjonshemming eller mellombels funksjonshemming på grunn av sjukdom eller skade, må du kontakte skolen snarast råd. Funksjonshemma som treng skyss, kan få skyss utan omsyn til avstand mellom bustad – skole. Skolen har skjema som skal nyttast for å få ei tilråding frå lege/sakkunnig om kva skyssmåte som kan nyttast. Skyssmåte kan vere buss, buss i kombinasjon med tilrettelagt skyss, eller tilrettelagt skyss. Bruk av følgjeperson kan og vurderast. Dersom foreldre eller du sjølv kan køyre, kan skyssrefusjon avtalast. Samferdselsdirektøren handsamar søknader for varig funksjonshemma, men skolen bistår med å få skaffe tilveie tilråding frå lege/sakkunnig. Skolen handsamar søknader for mellombels funksjonshemma.

KVA GJER EG DERSOM EG TRENG SKYSS I SAMBAND MED PRAKSISUTPLASSERING?

Det er dei same krava som gjeld for å få skyss ved utplassering som ved dagleg ordinær skyss til/frå skolen. Det er også dei same krav til skysstandard. Dersom du bur over 6 km frå praksisstaden, vil du kunne få skyss eller skyssrefusjon. Du må kontakte skolen som kontaktar ruteseselskapet.

EG BUR PÅ HYBEL - KAN EG FÅ DEKT SKYSS HEIM I HELGANE ?

Nei, dessverre. Den fylkeskommunale skoleskyssen dekkjer berre den daglege skyssen mellom bustad (hybelen) og skole. Dersom du har fått innvilga bortebruarstipend har du ikkje krav på skyss mellom foreldreheim og skolen. Dette gjeld også om du flyttar heim etter 1.april og har fått bortebruarstipend for heile skoleåret.